

KUNDEAVTALE FOR YTING AV INVESTERINGSTENESTER

Føretaket
Sparebanken Sogn og Fjordane
Org. nr. 946 670 081
Postboks 113, 6801 Førde
Telefon 57 82 97 00 / Telefaks 57 82 97 01

Kunden	
Personnr./org.nr.	

Investeringstenester

Kundene i Sparebanken Sogn og Fjordane vert klassifiserte som ikkje-profesjonelle kundar, såframt dei ikkje oppfyller vilkåra som kvalifiserte motpartar.

Informasjon og rapportering

Kunden aksepterer å ta i mot sluttsetel og anna personleg informasjon per e-post eller i nettbankpostkasse.

Samtykke til registrering av kundeopplysningar

Kunden samtykker til registrering av alle opplysningar frå kundeforholdet relatert til verdipapirverksemda i Sparebanken Sogn og Fjordane sitt felles kunderegister. Samtykket omfattar mellom anna registrering av opplysningar som kjem fram gjennom eignatest og føremålstenlegtest, risikoprofil, kundeklassifisering, kva investeringsråd som er gitt, posisjonar i finansielle instrument osv.

Lovregulering og avtalevilkår

Forretningsforholdet mellom kunden og Sparebanken Sogn og Fjordane er regulert av verdipapirhandelloya med forskrifter, anna relevant lovgjeving, gjeldande forretningsvilkår og særskilte avtalar mellom banken og kunden.

Banken har ikkje plikt til å gjennomføre føremålstenlegtest ved ordreformidling som skjer på kunden sitt initiativ dersom ordren gjeld nærare bestemte ikkje-komplekse produkt som t.d. verdipapirfondsandelar eller børsnoterte aksjar. Det vil seie at Banken ikkje treng vurdere om du har nødvendig erfaring og nødvendig kunnskap til å forstå risikoen som er involvert.

Kunden er merksam på at den investeringstenesta som vert tilboden ved handel med aksjar og relaterte eigenkapitalinstrument gjennom Banken normalt dreier seg om "ordreformidling/ordreutføring" frå Banken si side. Investeringsanbefalingar som blir gitt av Banken er generiske og baserer seg på utarbeidde analysar, og eventuelt meklar si generelle oppfatning av marknaden. Slike generelle anbefalingar vil ikkje vere tilpassa den enkelte kunde og vert ikkje sett på som investeringsrådgjeving som definert i vphl § 2-4 (1).

Oppdatert informasjon om kurtasjedeling og distribusjonsgodtgjersle frå leverandørar ligg på våre heimeside, www.ssf.no

Kunden stadfestar ved underteikning på denne avtale å ha akseptert:

- denne kundeavtalen
- banken sine "Alminnelege Forretningsvilkår ved handel med finansielle instrument".
- banken sin "Informasjon om finansielle instrument og risiko".
- banken sine "Retningsliner for mottak og formidling av ordre i finansielle instrument".

Stad/dato _____

Kunden

Sparebanken Sogn og Fjordane